



Sjå videoen og få kjensla av den flotte, tøffe og spreke naturopplevinga!

Vårskisesongen er i gong, og mange meiner dei opplever dei aller flottaste skiturane på denne tida av året etter den ordinære skisesongen er over. Sist laurdag og søndag hadde unggutane Olve og Viljar Simones Tveit og Pål Ingmar Haugland to flotte toppturar saman med Bjørn Olav Tveit og Siren Simones(laurdag). Vi andre kan få ei viss kjensle av den fantastiske opplevinga ved å sjå videoen dei tok opp.

Laurdag var dei til Omnatind, den vesle taggen som stikk opp nordaust for Melderskin. Det er ein alpin og luftig topp, og Bjørn Olav fortel at ein kan komma dit ved å køyra til Myrdal og gå ein skogsveg første stykket. Skia må no berast i ca 1km før dei kan takast på, og det er ein tur som eignar seg godt dersom ein er i moderat form.

Søndag var dei spreke gutane klar for ny tur. Den gjekk til Ingahogg i Fjellhaugen, og begge turane baud på fantastiske opplevingar i det strålende vårveret.

Elles er det grunn til å nemna at det er mange spreke born og ungdommar i Uskedalen. Mange foreldre er flinke til å ta ungane sine med på dryge turar. Svært positivt er og det gode arbeidet skulen har gjort med å vera flinke å ha gode fjellturar på programmet.

Vi anbefalar alle å [klikka inn på videoen som viser opptak frå turane laurdag og søndag](#). Vi trur mange får lyst å oppleva noko liknande!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Video/foto: Bjørn Olav Tveit